



Nr. 1 Setervegen til fjells

Kulturstig som går på godt merka stig frå Lom sentrum opp til utkikkspunktet Skutlan, og eventuelt vidare mot Læshøe, 1216 moh. Langs vegen finn du informasjonsskilt som gjev kunnskap om kulturhistorie og naturfenomen du treff på undervegs.

- 1** Frå sentrum går du ca. 150 meter austover. Før du kjem til Fossheim hotell, ta til høgre oppover Ulstadvegen. Midt i ein u-sving tek stigen av inn på jordet, og deretter inn på inngjerda beitemark. Etter Kusletta, ta til venstre i stigdelet, og held fram på rute 1 mot Skutlan. Nå er du på det høgaste punktet på setervegen til fjells (1010 moh.). Frå her har du fleire moglegheiter for rundturar attende til Lom sentrum.
- 1b Rundtur om Læshø:**
Rute 1b følgjer same rute som 1a, men i stadenfor å gå om Stymme og Soleggen, går ein over Læshø (1204 moh.) Totalt 12 km. ca. 4,5 t
- 1c Rundtur om Myrskardet:**
Rute 1c følgjer rute 1 opp til Skutlan, og dreier dermed nordover om Veslehøi og Myrskardet, før ruta følgjer Vittingvassvegen mot Kusletta, og ned att mot Lom. Totalt 8,2 km, ca. 4 timar.
- 1d Rundtur om Nonshaug:**
Rute 1d er eit stuttare alternativ, men med fin utsikt over sentrum. Den følgjer rute 1 forbi Kusletta, og vidare over Nonshaugen, før det ber nedover att til sentrum langs rute 1a. Totalt 5,9 km, ca. 2 timar.

Her ser du Rondane i aust, Dovrefjell og Reinheimen i nord, Breheimen i vest og Jotunheimen i sør.

- 1b Rundtur om Soleggen:**
Rute 1a går vidare frå Skutlan i austleg retning, om setra Stymme, og vidare til Soleggen fjellstue. Deretter til demninga ved vatnet Ausa (1000 moh). Hald til høgre for vatnet, og opp slak motbakke til du passerar stigdelet mot Læshø (rute 1b). Deretter kjem du til ein skogsveg og vidare til stigdelet mot Nonshaug (rute 1d). Ruta går vidare ned skogsvegen og kryssar bekken Læsa. Når du er like ovanfor den gamle garden Skjæsar, kan du anten følge vassvegen til stigdelet i starten av ruta, eller gå ned til riksvegen og følge gangfeltet attende til sentrum. Totalt 14 km. ca 5 t.

Nr. 3 Kulturstigen Bordvassvegen

Her følgjer du ein gamal vassveg og får kjennskap til historia rundt vatnshkulturen i Lom. Turen går på sidsida i slak helling og er ein fin tur òg om vëret ikkje er det beste.

- 3** Dette er ein lettgått rundtur som startar og sluttar ved Norsk fjellsenter. Følg raud merking.
- 3a** Dersom du ynskjer ein litt kortare tur, kan ein ta ein snarveg for å unngå den lengste sløfya av Bordvassvegen. Den kortaste ruta er ein rundtur på 5,9 km og tek ca.1,5 time.
- Kjøkt å vite:**
Bordvassvegen går gjennom Andvords-trædet der det er dyr på inngjerda beitemark om sommaren. Dersom du vil omgå beitedyra, følgjer du gul merking ovanfor trædet fram til du møter fyrste skogsvegen. Her går du nedover vegen til venstre og du møter att Bordvassvegen berre nokre meter ned i bakken.

Tips: Legg gjerne turen innom friluftsmuseet Lom bygdamuseum på veg til Bordvassvegen. Her finn du 22 verneverdige bygningar.



Frå Slettom mot Bord, kjelda til Bordvassvegen.

Nr. 2 Fremste Lomseggen

Lomseggen, 1289 moh., ruvar over Lom og er umogleg å ikkje leggje merke til når du kjem inn mot sentrum frå sør. Turen til Lom sitt «bygdafjell» byr på majestetisk utsyn, høg puls og vakker natur.

- 2** Frå rundkøyringa i sentrum kryssar du brua over Bøvre og dreier til venstre opp forbi Norsk fjellsenter. Gå forbi Storstaburet og ta til venstre når du møter Solsidevegen. 200 meter etter Andvord gard, tek stigen av til høgre. Følg gul merking mot Smith-hytta.
- På 1150 moh. ligg Smith-hytta – ein fin lunsjpass med utsyn innover Bøverdalen. Ruta går deretter i ein stor bue opp til det framre punktet på Lomseggen. Frå her kan du gå same veg attende (5,9 km) eller følgje ruta vidare austover ned til sentrum (3,6 km).
- Da går du nedover eit drag i fjellet, noko bratt ned ved tregrensa, og passerer utkikkspunktet Kvilarsteinen. Ta eit bilde! Følg deretter skogsvegen eit par hundre meter før ruta fortset på stig ned gjennom skogen. Når du er nesten nede går du gjennom ei grind, kryssar ein bustadveg, går rett ned Hovsvegen og til venstre når du møter Solsidevegen. Følg denne i 200 m, ta til høgre i retning Lom sentrum.
- Vil du vidare?**
Hald fram til toppen Eggjapiken (1524 moh.), ca. 1 km vidare eller evt. den lengre turen til Storvilen (2064 moh). ca. 8 km vidare på umerka stig.
- Kjøkt å vite:**
Fram til midten av juni kan det vera mykje sne på nordsida av ruta. Spor korleis tilhøva er i turistinformasjonen eller på Norsk fjellsenter.
- Via Ferrata Lomseggen
Nissegården Hytter og Aktiviteter tilbyr klatrestigen «Via Ferrata» til Lomseggen. Informasjonsfilm, billett og klatreutstyr er påkrævd. Henvend deg i resepsjonen.



Smithhytta ligg rett over tregrensa på veg opp til Lomseggen (frå sidsida). Dette er ei steinbu som vart bygd for ein tysk biletkunstnar rundt 1890.

Nr. 4 Tronoberget & Olavsraket

Tronoberget (890 moh.) er ein lett tilgjengeleg fottur – på godt merka stig frå Lom sentrum. Vidare går Olavsraket i historiske fotefar etter Heilag Olav (1021) – nær Reinheimen nasjonalpark.

- 4** Frå rundkøyringa i sentrum kryssar du brua over Bøvre ved fossen. Ved bruenden tek du til høgre og kryssar utleggsbrua. Følg elveforbygginga langs Bøvre, over Tronoddbua til Tronodden. Stigen går opp ved bruenden. Ruta svingar seg opp i terrenget i glissen furuskog mellom små hamnar, litt bratt innimellom. Toppen byr på utsikt over Lom sentrum, Lomseggen og Storvilen, samt Finndalen landskapsvernområde og Reinheimen nasjonalpark.
- Vil du vidare?**
Følg stigen vidare til Geitupphøe (1020 moh.) 1,4 km og ca. 30 minutt frå Tronoberget.
- 4a Rundtur om Grjotheim:**
Like nedanfor toppen av Tronoberget tek du til venstre i stigdelet til Grjotheim. Denne traseen er ikkje så bratt som rute 4, og fylkesvegen attende til Tronodden er lite trafikkert og grei å gå. Rundturen er på totalt 9,5 km frå Lom sentrum, og tek 3,5-4 timar.
- 4b Skimhytta og Staurustberget:**
Følg rute 4 til Tronodden. Ruta går langs vatnet nordvestover frå bruenden. Lett tur, godt skjerma for nordavinden. Du kan fortsette langs vatnet fram til Staurustberget. Til Skimhytta er det 2,7 km, og turen tar ca. 1,5 t tur/retur.
- 4c Rundtur om Olavsraket:**
Følg rute 4 til Tronoberget og vidare til stigdelet under Geitupphøe. Frå her er ruta merka gult. Stigen går i lett terreng opp til høgaste punktet ved Øvre Bergetjønn, 1050 m.o.h. før den dreiar i vestleg retning. Du kryssar så tre små bekkedalar før du når ein traktorveg som leiår deg ned til setra Stavåsen. Langs vegen ned til Ottaelva finn du informasjon om Heilag Olav si ferd frå Lesja til Lom i 1021. Ruta går no austover langs elvekanten til Staurustberget og vidare til Tronodden (rute 4b). Heile rundturen frå Lom sentrum er 15 km. Med gode pauser er dette å rekne som ein dagstur, ca 5 timar.



I Heilag Olav sine fotefar; Stavåsen med utsikt vestover mot Skjåk.



Live Andreas Sulheim



Lom
nasjonalpark-
landsby

Bergomsrunda - der natur møter kultur


Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstadar i Noreg som har status som nasjonalparklandsby, og er ein naturleg innfallsport til nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

På Fossbergom er det eit yrande liv i sommarmånadene med bygdafolk og turistar om kvarandre. Vi kan by på eit triveleg sentrumsmiljø med uteserveringar, kafear, butikkar, ein gjennomført byggeskikk og mange flotte turalternativ.

Nasjonalparklandsbyen ligg flott til under mektige Lomseggen. Midt i sentrum renn elva Bøvre kvit og vill utfor Prestfossen.



Velkommen til Lom nasjonalparklandsby!



1 Lom stavkyrkje
Lomskyrkja er ei av dei største stavkyrkjene i landet og er datert til å vera frå 1158–59. Kyrkja er framleis hovudkyrkje i Lom. Frå mai til september er det guiding, elles i året på bestilling.



5 Lom bygdamuseum – Presthaugen
Lom bygdamuseum ligg i Presthaugen, som også er stjerneplass i Lom. Friluftsmuseum med 22 verneverdige bygningar frå perioden 1613–1900. Det er merka stig rundt Presthaugen.



9 Bakeriet i Lom
Eit av landets mest kjende bakeri, starta av meisterkock og bakar Morten Schakenda. Matservering finn du elles på BrimiBue, Sentral'n, Fossberg, Fossheim, Nordal, Milano, Esso og Circle K.



10 Vassvaglen
Eit gammalt ordtak i Lom seier «Gjev Vårherre oss sol, skal oss skaffe væte sjølve». Vatn var ein knapp ressurs, og det var viktig at minst mogleg gikk til spille. Vassvaglen vart reist av Lom kommune i 1985.




14 Fossheim steinsenter
Geologisk museum med den største utstillinga av norske mineral og smykkesteinar i landet. Galleri, smykkeutsal og verkstad der du kan få hjelp til å klassifisere steinfunn.



2 Loar
Her låg den gamle prestegarden i Lom. Sjølve bygget, som tidlegare var ein låve, er frå tidleg 1900-tal, på den tida ulike husdyr og forlæven var samla under same tak på mange gardar. I dag finn du bibliotek i bygget.



6 Norsk fjellsenter
Sjå utstillingar og få informasjon om turar til fjells. Norsk fjellsenter er besøkssenter for nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen. I butikken på fjellsenteret kan du kjøpe turkart, fjellbøker for små og store, lokalt handverk og suvenirar.



3 Steinfjaset
Steinfjaset er einestående i sitt slag, og er i dag einaste originale bygning som står att etter den opphavlege prestegarden. Steinfjaset er i dag nytta som gymsal for barneskulen, og gjerne til utstillingar om sommaren.



7 Presfosstraversen
Prestfosstraversen (zipline) vart etablert i 2009, og har vorte ein populær aktivitet for både store og små. Traversen går over den mektige Prestfossen midt i Lom sentrum, og under Ulstadbrua. Ta kontakt med Aktiv i Lom for meir info.



4 Storstabburet
Storstabburet er frå 1613, og er det største stabburet i landet. I stabburet er det i dag ei flott utstilling om den gamle vatningskulturen i ottadalsbygdene.



8 Ulstadbrua
I Bøvra renn vatnet frå hogaste Jotunheimen, og vassføringa varierer gjennom året frå 1 m³ til 300 m³/sek i dei kvassaste flaumane. I Prestfossen har dei vore sagbruk og mølle, og her vart eitt av dei fyrste fossekraftverka i Noreg sett i drift fyrst på 1920-talet.

Praktisk informasjon

Rutene er merka med skilt frå sentrum. Ta med gode sko, mat og drikke. Nokre av rutene er tidvis litt bratte. For meir informasjon om turane, besøk turistinformasjonen, eller sjå visitjotunheimen.no



Turistinformasjon



Besøkssenter nasjonalpark



Turstig Lomseggen og Olavsrådet



Turstig Tronoberget, Setervegen til fjells og Bordvassvegen



Bergomsrunda



Tidsaksen



Parkering



Ladar for el-bil



Offentleg toalett



Leikeplass



12 Fossheim hotell
Medlem av «De historiske hotell og spisesteder». Fossheim har eit tradisjonsrikt kjøken som nyttar råvarer frå lokale gardar, fiskevatn og fjell. Fossheim hotell, Fossberg hotell og Nordal turistsenter er alle familiedrivne hotell med meir enn 100 år lange tradisjonar, og same familiene har drivi dei heile tida.




13 Tidsaksen
Tidsaksen følgjer delvis Bergomsrunda (markert med kvit stipla line) og gjev deg innblikk i Jorda si 4600 millionar år gamle historie.



15 Lom aktivitetspark
Lom er staden for å vere i aktivitet. Her finn du mellom anna klatretårn, trampoliner og trålbilbane.



16 Utleggsbrua
Brua er bygd som ei utleggsbru frå 1700-talet, og er ei vidareutvikling av dei eldste brukonstruksjonane vi kjenner – stokkar lagde over eit elvfar. Brua vart bygd i samarbeid mellom Stokk & Stein og tømrarflåa på den vidaregåande skulen i Lom, og opna i 1993.



17 Andvorsbrua
Gangbrua ved Lom Camping vart offisielt opna i juni 2016 og er ein del av Bergomsrunda. Brua bind saman turstignettet på begge sider av elva Bøvre og er eit fint utgangspunkt for turar til m.a. Lomseggen, Bordvassvegen og Læshø.